



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

01 SEPT 2015

Hordaland fylkeskommune
v/samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <90882572>


Vår referanse:
2015/097354-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.08.2015

Rv. 13. Omklassifisering/statusendring av gamal riksveg - Bu i Ullensvang herad

Etter at Hardangerbrua opna 2013 har eksisterande RV 13 hatt status som RT13, dvs mellombels status (T=temporary). Strekninga er den gamle riksvegen som går frå Busnes i vest, på utsida av Butunnelen til den møter krysset ved Bu museum. Det er spørsmål om kva status denne strekninga skal ha i framtida.



Frå krysset ved Bu museum og ned til Hardangerbrua vart det bygd ny gang-/sykkelveg. Vegen skulle også tena som landbruksveg til Kalvehagen. Denne gang-/sykkelsegen har fått status som RG13.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Frå krysset ved Bu museum er det etablert gang- sykkelveg langs RV.7 i retning Eidfjord. Denne har fått status som RG.7.

Det er naturleg at gamlevegen utanfor Butunnelen framleis vert i statleg eige. I ROS-analysen framgår det at denne vegen skal kunne nyttast som gang-/sykkelveg og vil kunna tena som omkøyingsveg ved hendingar i tunnelane og som innsatsveg for utrykningskøyrety. Vegen er på denne strekninga også tilkomstveg til bustadhusa ved Bu museum. Resten av gang-/sykkelvegen (gamal Rv13) er også tilgjengeleg for grunneigarane for tilkomst til skogsmark m.m.


Det vert forslått, at gamle RV13 (RT13) vert omklassifisert til gang- /sykkelveg og får status som RG13. Den vert då ei forlenging av RG13 som går ned til Hardangerbrua.

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det departementet som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av riksveg. Hordaland fylkeskommune, der riksvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort.

Før vi oversender saka til departementet om statusendring/omklassifisering av offentleg veg, vert saka send til uttale.

Uttalefristen er sett til **05.10.2015**

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing


Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne